

Krav til teikningar i byggesaker

Det er krav til teikningar i alle type søknader til tiltak. Teikningane skal dokumentere korleis tiltaket vil bli når det er ferdig.

Generelt

- Teikningane må vere fagmessig utført og målsett.
- Alle teikningar skal ha tittelfelt med underskrift av ansvarleg prosjekterande.
- Krav til gode fagmessige teikningar gjeld også der tiltakshavar sjølv vil stå ansvarleg for tiltaket (dvs. tiltak jf. plan- og bygningsloven § 20-2).

Format

- Målestokk 1:100 eller 1:50 ikkje større enn A3.

Innhald

Planteikningar skal vise:

- Alle etasjar (også kjellar).
- Funksjon til romma.
- Kor tjukk yttervegg er.
- Talet på bustadeiningar.
- Snitt-teikning av bygget som viser fri høgd i kvar etasje.

Når tiltaket omfattar innvendig endring eller tilbygg til bygning, skal planteikning av heile etasjen der endring skal skje, vise rominndeling før tiltaket er sett i gang og slik tiltaket vil bli når det er ferdig.

På teikningane bør det vere ført på bebygd areal (BYA), bruksareal (BRA) og bruttoareal (BTA) for kvar etasje.

Fasadeteikningar skal vise:

- Alle fasadar med merka himmelretning som blir påverka av tiltaket.
- Snitt-teikning av tiltaket plassert i terrenget i målestokk med merka kotehøgd på grunnplanet.
- Målsett Avstand til nabogrenser på situasjonsplan målestokk 1:500
- Ved til- og påbygg må teikningane tydeleg vise kva som er nytt og kva som er eksisterande bygg.
- Kotehøgde for møne og gesims inkl. taktekking.
- gjennomsnittleg terrengnivå ferdig planert.